

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 26.04.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande er sendt inn som høyringssvar til Norsk kulturråd, med etterhald om politisk vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune ser både Brak og Vestnorsk jazzsenter som viktige aktørar i vår regionale kulturpolitikk. Begge er viktige reiskap for å oppnå eit regionalt kunstløft, også innanfor det frie, profesjonelle kunstfeltet, slik det er vedteke i vår regionale kulturplan Premiss: kultur.
2. I tråd med rapporten ser Hordaland fylkeskommune det som at Vestnorsk Jazzsenter og Brak er kostnadseffektive med ein liten administrasjon, og gjer eit arbeid der midlane i stor grad kjem musikarane og musikklivet i regionen direkte til gode. Det er viktig å ikkje bygge opp nokon motsetnad og kamp mellom sjangrar då desse sjangrane i utgangspunktet er musikkformer som er lågt offentleg finansiert.
3. Som rapporten peiker på hadde etableringa av desse ulike strukturane ulik politisk grunngjeving, og Hordaland fylkeskommune opplever at dei fortsett utfyller kvarandre på ein god måte og jobbar godt saman der det er naturleg. Vi ser difor ikkje at ei samanslåing av desse utan vidare er hensiktmessig, og at dei kvar for seg og i samarbeidsprosjekt kan vidareutvikle seg på ein god måte.
4. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune må vere aktive partnarar i ei evt. omstrukturering av sjanger- og kompetansesentra i fylket. Hordaland fylkeskommune er interessert i å gjennomgå verksemda og organiseringa til Brak og Vestnorsk jazzsenter for å sjå på korleis dei kan vidareutvikle, samkøyre og optimalisere sine oppdrag til beste for musikklivet på Vestlandet.
5. Sjangersentra må ha ein vid portefølje av verkemiddel innretta både mot musikarar og arrangørar, og må ha ei organisering som sikrar transparens og innflytelse frå aktørane i feltet.
6. Folkemusikk har gjennom mange år vore ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune, og eit viktig punkt i vår regionale kulturplan Premiss: kultur. Vi vil sjå på korleis ein tettare kan knyte kontakt mellom dette miljøet og tiltaka som allereie finst og Vestnorsk jazzsenter og Brak.
7. Vestnorsk jazzsenter og Brak har kompetanseheving for musikarane og arrangørar som ei kjerneoppgåve, og Hordaland fylkeskommune ser det som viktigast at midlar kjem dette formålet til gode, uavhengig av kva strukturar og nettverk som måtte vere høveleg. Vi ser ikkje at dette er avhengig av strukturen VRÅK.
8. Hordaland fylkeskommune saknar eit internasjonalt perspektiv i rapporten. Både Vestnorsk jazzsenter og Brak har vore viktige medspelarar for at musikk frå Hordaland, Vestlandet og Noreg elles har gjort seg gjeldande internasjonalt. Det ville vore bra om det frå Kulturrådet vart reflektert rundt kva roller dei tenkjer sjangersentra og kompetansesentra kan og bør spele i forhold til dette.